

Spørsmål om ungdomskort på snøggåtrutene

Representanten **Trude Brosvik** (KRF) har stilt slikt spørsmål:

Eg har blitt kontakta frå foreldre/ungdomar vedkomande bruk av ungdomskort og ekspressbåt. Det gjeld ungdomar som nyttar ekspressbåt til og frå skulestad i Sogn og Fjordane.

Dei får ikkje bruke ungdomskortet og samtidig tinge plass på førehand.

Elevane reiser jo fredag ettermiddag og retur søndag kveld. Dette er ruter der Norled sine båtar ofte er fulle. Så då har ungdomane to val; enten kjøpe fullpris-bilett og vere sikra plass. Eller ta sjansen på ikkje å bestille og dermed kunne bli avvist, med dei verknadande det vil få. (Ugyldig fråvær eller at mor/far må hente) Dette gjeld ungdomar heilt ned i 15-16 års alderen, og det er ikkje noko godt møte med kollektivtransporten å ikkje kome med. Nokre av ombordstigingsplassane er også utenfor sentra, og dei kan rett og slett bli ståande åleine att langt frå folk. (Sollibotn i Gulen, Hardbakke i Solund, Smørhamn i Bremanger er døme på slike stoppestader.)

På Norled sine nettsider er det opplyst at ein ikkje får nytte plassbestilling på ungdomskort. (Det har eg fått opplyst. Eg finn det ikkje sjølv.)

Spørsmålet mitt er om det er avtalt slik med fylkeskommunen og om ein i så fall ser på det som rett bruk overfor intensjonen med ungdomskortet?

Kva kan vi gjere for å endre praksis? (Eg går ut frå at det ikkje er eit budsjettspørsmål, sidan fylket betaler fullpris til selskapet for turar der ungdomskortet blir nytta.)

Det kostar mykje for ein ungdom frå Gulen som går på skule i Sogndal eller Måløy dersom ho eller han skal betale full pris (Kr. 990,00 pr t/r) i staden for ungdomskort (kr. 375,00 for ein månad). Og for mange vil det bety at ein ikkje kan reise heim så ofte. Derfor meiner eg dette må ordnast opp i, slik at ungdomar kan nytte ungdomskortet, og samtidig vere trygge for at dei får plass på båten.

Fylkesrådmannen:

Kollektiv- og mobilitetseininga har ikkje diskutert denne problemstillinga med operatøren enno, men den kjem nok av at operatøren, i dette tilfellet Norled, er bekymra for «no-show». Med det meiner ein at kundar med reservert plass ikkje dukkar opp til avgangen dei har reservert plass på. I dei tilfella der ein har avgangar med stor etterspørsel, fører dette til tapte inntekter for operatørar på nettokontraktar, sidan dei elles kunne seld billetten til ein annen, ofte til vaksen pris.

I dag har ikkje kollektiv- og mobilitetseininga ei løysing på dette, men eininga vil gjennomgå dagens kontrakt og deretter gå i dialog med operatør for å diskutera om det finst løysingar som både løyser behova til ungdomane samstundes som ein sikrar inntektene til operatøren.